

Dato: 7. September

Elev:

7715

JN

Skriveoppgåve 2:

SKRIV EIN TEKST DER DU BESKRIV KVA SNØ ER FOR EIN SOM ALDRI HAR SETT ELLER HØYRT OM DETTE FØR.

Kjære Muna, Fint å høyre at det står bra til i Egypt.
Her heime i Noreg holder det på å skifte årstid. Nemeleg Vinter.
Når snøen kjem dalane ned, kald og vidunderleg. Den er
absolutt ikkje farleg. Den dalar sakte og lett ned. Ikkje
noko man er redd for å få i hovudet. Nei langt i frå.
Den er nydeleg. Ikkje eit einaste snøfnugg er likt sjølv
om det ser sånn ut. Vi barn elsker snøen fordi du får
fleire leikemuligheter. Vi kan skli på snøen med akkebrett,
kjelkar og ski. Du lurar sikkert på kva ski er. Det er
to plankar som er spesielt utformet som du har på
beina. Og fantastisk nok kan du skli på snøen med
dei. Høyres ikkje det fint ut? Vi kan også lage snømenn.
Du ruller ein ball av snø passe stor så lager du en
mindre og en til. Så settar du den mellomste snøballen
oppå den største og den minste øverst. Deretter letar
du fram steinar og lagar ein smilande munn på den
minste snøballen. Du brukar ein gullerot, sett den over
munnen så har du ein nese. Deretter tar du to
steinar øverst på den minste snøballen som
auger. For å pynte opp snømannen litt kan du
sette på ein flossbatt og sjerf. Å no glemde eg noko.
Du lurar vel på hvarken farge snøen har, ikkje sant?

1. september

Snoen er kvit. Men du trenger ikkje å lage snømenn. Du kan lage kva du vil med snoen. Som foreksempel snøholen, snøbiler, snøhus, snøboller fantasien bestemmer. Men na har eg bare nemd dei positive tingene om snø. Det er nemeleg nokon negative ting om snoen òg. Som foreksempel snøras. Det kan ta hus og menneskeliv. Det er veldig farleg! Ja og glatte vegar gjer det vanskeleg for bilane å køyre. Masse snø og glatte vegar gjer at vi fjernar den frå vegen og ut i kantane. Det kalles brøyting. Vi kan også legge stein på bakken så det blir lettare og køyre bil. Det kalles strøing. Men det er masse meir positive ting om snø enda. I vinter skal eg og naboane mine lage ein enorm snøhole. Vi gleder oss kjempe mykje. Men vi må bruke varme klær. Lue, votter, ull, flis, vinter sko osv. Vinteren er kald og det må vi bare regne med. Sidan vi bur på fjellet kommer det extra mykje snø. Meir enn opp til glaset! Av og til kan det vere snø utanfor døra slik at vi ikkje kjem oss ut! Det skjedde nesten ein gong, men pappa fikk døra opp til slutt. Puh! For ein lettelse. Snø er veldig morsamt. Du må komme til oss ein gong når det er snø her oppe. Men du må huske varme klær! Ellers fryser du. Det hjelper ikkje og komme opp i t-skjorte, shorts og sandalar nei. For då fryser du skvitt i hjel! Men, men du for hilse frå meg der nede Okl?

Med venneleg helsing